



# HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 73



NR. 02 ADVENT 2020



Glaskunst. Astri Vadla Ravnås, NMS nettbutikk.

Foto: kjh

*Velsigna  
julehøgtid*

# Ord til ettertanke



*Ved krubba di der vil eg stå, der Jesus vil eg leve.  
Eg kjem med takk og gjev deg nå alt det du har meg gjeve.  
Ta du det alt- min heile hug, mi sjel og ånd og all min dug  
-Vis ikkje bort den gåva!*

*Da ennå ikkje fødd eg var, du føddest meg til beste,  
Og før du kunne få mitt svar, til hjarteven meg feste.  
For eg vart til utav di makt, din høge plan du hadde lagt  
for venen som du elskar.*

*Eg står og stirrer: Gud og mann! Eg kan `kje mett meg skode.  
Med di eg inkje anna kan, eg berre kviskrar: Nåde!  
Å, at mi sjel ein avgrunn var og hugen min så djup og klar  
at femne deg eg kunne!*

*Kast halmen bort! Nå vil eg gå og fagre vokstrar finne,  
Så du med fryd kan kvile på ei blomeseng her inne.  
Med roser, liljer, rosmarin di seng skal prydast, Frelsar min.  
Å, ta imot min fagnad!*

2

*Men eitt eg bed og vonar visst det unnest meg den ære:  
At eg min kjære Herre Krist i sjølve meg får bere.  
Ja, gjer meg du til krubba di, den arme krå du kviler i  
-du sjølv og all di sæle.*

# Ein stor dag for kyrkjesokna i Vik

Søndag 2. august var ein stor dag for kyrkjelydane i Vik. Då vart dei to prestane og den nye kyrkjemusikaren vår innsette i teneste i Vik kyrkje. Prost Geir Paulsen ynskte velkommen og las tenestebrev frå biskopen til prestane. Kyrkjeverje Ingvar Vangsnæs las opp tenestebrevet til kyrkjemusikaren.

Alle kyrkjelydane var representerte på gudsstenesta, og etterpå fekk vi heldigvis ha ein enkel kyrkjekaffi med festkake i Kyrkjestova. Der var det tid til helsingar frå kommune v/ordførar, prost og andre festdeltakarar. Dora & Anders avslutta samværet med flott og munter musikk.

Den nye soknepresten Karen Helene Bohn Melhus er frå Tveit i Kristiansand.

Ho er 25 år, og har mykje erfaring innan kyrkje og organisjonsliv.

Ektemannen Rasmus Bolstad Rustad er 50% prostiprest med ansvar for Feios og Fresvik sokn og 50% prest i Vik fengsel. Han er 27 år og frå Vågå, men som presteson har han nok budd fleire stadar i landet. Siste året har han vore prest i militærret.



Prosesjon.



Karen Helene og Rasmus tok mot velkomsthelsingar i våpenhuset. Her saman med prost Paulsen.

Dora og  
Anders  
avslutta  
med munter  
musikk.

Karen Helene og Rasmus møttest på MF, der dei vart utdanna til prestar.

Vi gler oss over å ha fått to unge prestar til bygda og bli betre kjent med dykk.

Det er veldig kjekt å sjå lys i prestgarden. Der bur det også ein liten katt med namnet «Kattekisma».

Den nye kyrkjemusikaren Dora David er tilsett i 50% stilling. Ho spelar i alle kyrkjelydane.

Det blir i tillegg teke inn vikarar til tenester i den vakante del av stillinga (20%) som var utlyst. Dora er også tilsett 50% i Vik kommune med ansvar for Kulturskulen.



Vik Soknerd  
stod for  
kyrkjekaffien



Kyrkjekaffi og samtale.

Dora bur med familien på Slinde. Ho trakterer både tverrflyte, piano og orgel.

Ofte speler ho både

orgel og tverrflyte samtidig. Det er svært imponerande.

T& F: kjh/pog

4

## Presentasjon av kyrkjemusikar Dora David

Dora er fødd 1969 i Budapest, Ungarn. Ho utvikla seg tidleg som fløyttist, alt som ung jente fekk ho fleire prisar for talentet sitt. Ho var solist med fleire orkester både i Ungarn og utlandet.

Etter gjennomført musikkgymnas, tok ho diplomutdanninga si ved Franz Lisztakademiet og seinare ved Sibeliusakademiet i Finland. Ho har vore solist i fleire orkester; i England, Nederland,

Tyskland, Ungarn og Finland.

Ho kom til Noreg som distriktsmusikar i Nesna, Nordland. Vidare gjekk turen til Høyanger, der ho fekk dei to sønene sine som no er 16 år.

Vidare jobba ho tre år i eit bemanningsbyrå i Bergen. Siste åra har ho vore treblåsepedagog i Sognadal og kyrkjemusikar i Lærdal, med bustad på Slinde. Ho har også teke kantorutdanning



som deltidsstudium og avlagt eksamen i Oslo.

Dora ser på seg sjølv som ein bruksmusikar og ynskjer å gje noko til folk anten dei er i sorg eller i glede.

# Musikkmesse

Feios kyrkje  
29.07 kl. 19.00



Gygrene  
sang



Anders V. Brekke  
piano og orgel

## Sommaren 2020

I sommar hadde vi gleda av i ha Anders Brekke som organistvikar. Korona-restriksjonane begrensa aktiviteten vår, men Anders organiste fleire arrangement som gledde oss;

Musikkmesse I Vangsnes kyrkje der Elin Turvoll song og Anders spela, Sommarkonsert i Vik kyrkje 22. juli med Roger Andreas Holme, Emil Horstad og Anders.

Olsok 29. juli var det Musikkmesse i Feios kyrkje v/Gygrene & Anders.

**Takk til alle som deltok  
og særleg Anders Brekke!**

Elin Turvoll.



## Trusopplæringa 2020

Vi har dessverre ikkje fått gjennomført dei ulike fasene i trusopplæringa slik som vi ville i år på grunn av Korona-restriksjonar. Vi håper at alle 3-, 4- og 6-åringar har fått si bok enten i gudsteneste, på eige arrangement eller i postkassa.

Minikonfirmantane Vik, Vangsnes & Arnafjord fekk berre halvparten av samlingane sine.

Vi får håpe og tru at 2021 blir betre.

kjh



5

På biletet ser vi dei 6-åringane som kunne motta Kyrkjeboka si i Vik kyrkje i august.  
(Foto; pog)

# BARNAS SIDE

## Finn 5 feil

Englar fortalte gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti


### Finn Stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



### Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



**6**



### Gje barnebladet **BARNAS** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

**Bestill  
abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00**



### VITSAR

Ole var ikkje  
verdas smartaste pilot.  
Han flaug inn mot  
Gardermoen og fekk  
melding frå kontrolltårnet:

- Meld inn høgde og  
posisjon!
- Eg er 178 centimeter  
høg og sit heilt fremst  
i flyet, svara han.

I Molboland  
er det veldig  
strenge trafikklover  
når det gjeld sikker-  
heitsbeltet:

Første gong du blir tatt  
utan å ha på deg beltet,  
får du 1000 kroner i bot.

Andre gong får du  
2000 kroner i bot.

Tredje gong blir  
sikkerheitsbeltet  
inndrege.

# Konfirmasjon 2020



Vik kyrkje  
19. september.

Bak frå v.:  
Erlend  
Opheimshaug  
Moheim, Elias  
Gissinger, Tor-  
geir Kollsete.

Framme frå  
v.: sokneprest  
Karen Helene  
Bøhn Melhus,  
Eirin Berdal,  
Victoria Chris-  
tensen.  
(Foto: POG)



Vik kyrkje  
19. september.

Bak frå v. Brede  
Grindedal Vange,  
Jonas Langeland  
Tistel, Jaran  
Tryti.

Framme frå v. :  
William Tenold,  
Nathalie Holen  
Årevik, Tor Ivar  
Time. (foto POG)



Feios kyrkje  
3. oktober.  
Bak frå v.:  
Eldar Hove,  
Brage Refsdal  
Framme : Sis-  
sel Harbak, pro-  
stiprest  
Rasmus Bol-  
stad Rustad.  
(Foto: POG)

Fresvik kyrkje  
3. oktober.  
Erik Høydal  
Breili,  
prostiprest  
Rasmus  
Bolstad  
Rustad.  
(Foto: kjh)



Vik kyrkje  
10. oktober.  
Framme frå v.:  
Malin Eli-Nora  
Nilsen Amundsen, sokneprest  
Karen Helene  
Bøhn Melhus,  
Marte Hovland  
Bak frå v.:  
Thomas Michael  
Gebrezghi,  
Håvard Tenold  
Hopperstad.

8

(Foto: kjh)



Vangsnes kyrkje 4. okt.  
Marius Holen, sokneprest Karen Helene  
Bøhn Melhus, Eva Othelie Hellen Lidal.  
(Foto: POG)



Vik kyrkje 10. oktober.  
Framme frå v.: Karin Laskerud, Brita Melheim, Jenny Rørvik  
Bak : sokneprest Karen Helene Bøhn Melhus , Elias Palne (Foto: kjh)



Arnafjord  
kyrkje  
10. oktober.  
Frå venstre:  
Sigve Rinde  
Heggernes,  
Kjersti Christensen Hønsi,  
Simon Olai  
Olufsen Storli,  
prostiprest  
Rasmus Bolstad Rustad.  
(Foto: pog)



Arnafjord  
kyrkje  
10. oktober.  
Brynjar  
Romslo  
Bungum,  
Emma Sol  
Angelica  
Midtbø  
(Foto: pog)



9

Konfirmantane  
i samtaleguds-  
tenesta  
11. september  
Vik kyrkje  
saman med  
prestane Kjetil  
Netland og  
Karen Helene  
Bøhn Melhus.  
(Foto: pog)

## Meldingar:

### Julefest i Kyrkjhestova

som etter tradisjon er 3. juledag, er dessverre avlyst på grunn av Korona – pandemien. Vi vonar at ein kan halde på tradisjon med å gå rundt julereet med borna i heimane. Er det ikkje nok personar til å rekke rundt treet, får dokker og bamser og trø til. ☺

### Kyndelsmessebasaren 2020

til inntekt for Det Norske Misjonsselskap, må vi nok vere så realistiske at vi ikkje kan planlegge på vanleg vis. Kanskje vi kan få til ei utloddning på Facebook. Elles vonar vi at fleire vil gje ei gave til bankkonto 3800. 30.10055.

*Flatbygdi kvinneforeing/NMS*

### Forsongar i Vik kyrje

Har du lyst til å vere med i ei forsongargruppe i gudstenester i Vik kyrje, kan du melde deg til organist Dora David tlf. 975 23 903 eller e-post: dora.david@vik.kommune.no. Tanken er at forsongargruppa kan møte ein time før gudstenesta og øve saman på salmane.

### Mariahelg på Alværa misjonssenter, Lavik 2021

5.-7. mars 2021, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Tema for helga er «Berekraft». Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butik-

ken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.



Spørsmål om helga/program - ta kontakt med Hanne Bildøy tlf 996 10 528, epost hanne@bildoys.no



### Tonar og ord

I haust hadde Dora og Karen Helene to arr. som dei kalla TONAR OG ORD; i Vangsnæs og Arnafjord kyrje. Dei hadde sett saman eit fint program med musikk, tekstlesing, dikt og fellessong. Vi vonar at ein kan få same arr. i Vik, Feios og Fresvik i løpet av vinter/ vår 2021. Bilete av Karen Helene & Dora i Arnafjord 7. okt.

(T&F : kjh)

# Etter gravferda

Vi får mange spørsmål om kven som gjer kva på grava, i tida rett etter gravferda. Her er ingen reglar for kva som skal gjerast, men det er som på gravplassen elles ulike ynskje for korleis ting skal vera. Dette gjer forøvrig gravplassen til eit særskilt verdifullt offentleg område, utsmykka av kvar og ein med ei grav å gå til. Med tanke på nettopp dei ulike tilhøva kring kvar enkelt grav vil vi som arbeider på gravplassen freista å sikra at ting til ei kvar tid er i orden.

Det er tradisjon hjå oss for å leggja all jord attende på grava på gravferdsdagen, som ein haug. Denne vil med tida siga saman ettersom jorda "set seg" på nytt. Kor fort dette går er avheng av jordtype og mengde regn den fyrste tida. På dei ulike gravplassane våre er det svært ulike typar jord.

På gravferdsdagen blir grava pynta med det meste av blomar som fylgjer båra, ofte med sløyfer eller kort. Målet er at grava skal framstå velstelt, sjølv om dette i enkelte høve kan vera ei utfordring. Snø, vind, kulde og regn på gravferdsdagen kan gjera det vanskeleg å ivareta sløyfer og blomar på ein god

nok måte.

I turre og kjølige dagar kan blomane halda seg fine over lengre tid. Vind og regn derimot vil raskt gjera sløyfene mindre fine og dei kan fara med vinden. Blomane vil også raskt visna.

I enkelte høve med kraftig ruskever kan vi raskt etter gravferda ta av sløyfer som elles kan fara i vinden. Om ikkje anna er avtalt blir desse kasta. Blomar blir lagt tilbake på grava. Vidare kan enkelte graver, alt etter jordtype og nedbør, raskt setja seg. Då blir blomar tekne av, jorda forma til ein fin haug og brukbare blomar lagt tilbake. Diverre er vi ikkje på gravplassen kvar dag og ei grav kan difor nokre dagar bli ståande utan naudsynt stell.

Etter ei tid er blomane tekne vekk og jordhaugen kan liggja fri eller med ei enkel beplanting. Vent gjerne eit år med å setja opp eventuelt gravminne for å sikra at det står stødig (alle tilhøve kring gravminnet er privat ansvar og er regulert gjennom reglar for gravplassen). Dei aller fleste gravminne må likevel rettast opp etter nokre år og det kan gå 20 til 60 år (eller meir) før jorda er heilt stabil.



Du som pårørande er frå gravferdsdagen sjølvsgatt velkommen til å stella grava, både med tanke på blomar, pynt og forming av jorda, i samsvar med gjeldande vedtekter. Du kan når som helst samla inn sløyfene og ordna med blomane. Elles vil vi halda eit øye med grava og syta for naudsynte tiltak. Snakk med oss om dine ynskje og lat gjerne gravstell bli ein del av sorgarbeidet.

N.K.

## Nytt frå kyrkjeverja:

# Informasjon om frigrav og innkreving av festeavgift for gravstad i Vik kommune frå 01.01.2021

Vik kyrkjelege fellesråd v/ kyrkjeverja er ansvarleg gravplassforvaltning i kommunen og forvaltar 7 gravplassar. Vi yter tenester til alle som bur i kommunen – uavhengig av tru, livssyn og kulturell bakgrunn.

Vedtekter for gravplassane i Vik kommune og gravferdslova seier noko om kva reglar som gjeld for frigrav og rett til å festa graver.

**Fredingstid:** Fredingstida er den tida det må gå mellom kvar gong ei grav blir brukt til gravlegging. Unntak: Det kan når som helst setjast ned urne på ei kistegrav – også i fredingstida.

På gravplassane våre er fredingstida 30 år. Når ei urne blir sett ned innanfor fredingstida blir fredingstida forlenga med ny periode på 30 år.

**Feste av grav:** Når ein tek i bruk ei ny grav, har ein høve til å reservere ei grav attmed den grava som blir brukt. NB! Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av. Den som er ansvarleg for ei reservert grav blir kalla festar. Ein festar må vera ein person. Overføring av festeavtale frå ein person til ein annan skal skje etter samtykkje frå gravplassforvaltninga.

Ei reservert grav og graver ein vil behalda etter fredingstida må ein betale festeavgift for. Ein betalar festeavgift så lenge ein ønskjer å disponere den aktuelle grava og dette gjeld også etter ny gravlegging eller gjenbruk av grava.

Festeavgifta blir kravd inn for ein periode på 5 år om gongen. Festeavgifta vert fastsett av kommunen og er med og finansierar administrasjon, drift og vedlikehald av gravplassane. Festeavgifta er pr i dag kr 300.- for året.

Gravplassforvaltninga er ansvarleg for å informere pårørande (festar) om kva reglar som gjeld for reservert grav, frigrav og når ein må betale feste for gjenbruk.

Gravplassforvaltninga er også ansvarleg for å sende ut tilbod til festar for betaling av festeavgift og vert den ikkje betalt innan 6 månader vil festar få tilsendt varsel om at grava vil gå tilbake til gravplassforvaltninga. Det er festaren som avgjer kva som skal skje med gravminne når feste blir avslutta. Viss festaren sjølv ikkje ynskjer å fjerna gravminne og henta det, vil gravplassforvaltninga syte for å ta vekk gravminne og få det destruert. Det vil koste kr 500.

**Sletting av grav:** Graver som er eldre enn fredingstida og som ikkje blir festa lenger, blir tilbakesør til gravplassen og vil då kunne brukast på nytt av gravplassforvaltninga. Gravminne som gravplassforvaltninga tek hand om, blir mellomlagra ei tid før dei blir destruerte på ein slik måte at namn og data ikkje kan finnast att.

Mange eldre graver manglar festar. Vi vil i løpet av neste år ha ein gjennomgang av alle gravplassane og de vil kanskje møte på gravsteinar som er merka med varsel om å ta kontakt med gravplassforvaltninga for å finna festar.

## Døypte:

### Vik:

31.05.20. Astrid Vikdal Loftesnes  
20.06.20. Johannes Flisram  
20.06.20. Marta Bøthun Tistel  
27.06.20. Sander Stadheim Frisell  
27.06.20. Karoline Stadheim Rye  
16.08.20. Leah Fosse Sæterlid  
29.08.20. Jenny Holstad  
13.09.20. Eiliv Skjerven Refsdal  
13.09.20. Emilie Refsdal Endresen  
29.11.20. Nora Skogsrød Undi

### Arnafjord:

20.09.20. Emma Sol Angelica  
Midtbø  
20.09.20. Elias Palne

### Fresvik:

03.10.20. Thor Håkon Tokvam  
15.11.20. Ida Bøthun - Berdal

### Feios:

01.11.20. Alma Hopperstad Berdal

## Vigde:

27.06.20. Hopperstad stavkyrkje  
Rolf Edvard Paulsen og Christina  
Jenny Brautaset  
01.08.20. Arnafjord kyrkje Linn-  
Mari Romslo Bungum og Steffen  
Jensen Sulen

## Døde:

### Vangsnæs:

06.07.20. Rosa Lilly Irene  
Hopperstad – fødd 1932  
15.09.20. Arvid Skeide  
f. 1960

### Vik:

11.07.20. Frode Helgesen f. 1947  
15.07.20. Olav A. Hønsi f. 1928  
31.07.20. Ingvald Hønsi f. 1926  
07.09.20. Liv Målfrid Hønsi f. 1933  
25.09.20. Hans Fjærrestad f. 1935  
17.10.20. Hilmar Arnfinn Bø  
f. 1934

21.10.20. Lisbet Underdal Holen  
f. 1955  
27.10.20. Ewa Maria Serocka  
f. 1959  
01.11.20. Rune Bodvar Wold  
f. 1943

### Feios:

16.07.20. Gerd Olivia Lunde  
f. 1937

### Fresvik:

04.10.20. Olav Vikdal f. 1936

### Arnafjord:

16.10.20. Ingebjørg Dale f. 1924

## Minnegåver:

Hjarteleg takk for minnegåvene Vik  
kyrkje til minne om **Steinar Rinde**.  
*Vik sokneråd*

Hjarteleg takk for minne gåvene  
kr. 11.450,-.  
Til minne om **Gerd Lunde**.  
*Feios bedehus.*



## Adventsvandring

“Lys” er montert ute  
ved Vik kyrkje.

Ta turen innom du òg!

# NAMN OG NUMMER

**VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806**

**KYRKJELEG TILSETTE:**

**Kyrkjeverje**

Ingvar Vangsnes

epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

**TELEFONAR**

kontor 479 77 806

mobil 901 11 530

**KONTORTID**

mandag-torsdag

kl. 10.00 – 15.00

**Sokneprest i Vik, Vangsnæs og Arnafjord**

Karen Helene Bøhn Melhus

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

mobil 468 89 980

**Prostiprest Feios og Fresvik**

Rasmus Bolstad Rustad

e-post: rasmus.bolstad.rustad@vik.kommune.no

mobil 977 38 134

**Kyrkjelydspedagog - vakant stilling**

Tove Sortevik Geithus vikar

mobil 908 09 113

**Kyrkjelydssekretær**

Kirsti Jelle Hopperstad

epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

mobil 911 01 653

**Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene**

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

**Kyrkjetenar i Vik og Vangsnæs**

Jonathan Nahayo

mobil 941 71 504

**Kyrkjetenar i Arnafjord**

**Kyrkjetenar i Feios**

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

**Kyrkjetenar i Fresvik**

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

**Organist**

Dora David

e-post: dora.david@vik.kommune.no

mobil 975 23 903

**Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt**

**ANDRE TELEFONAR**

Vik: Reidunn Bolstad, 905 33 581

Arnafjord: Ola Engum, 975 34 827

Vangsnæs: Erlend Hanekam, 416 34 981

Feios: Monica Feidje Midlang, 951 72 583

Fresvik: Marianne Bøthun, 938 46 851

**VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:**

Leiar: Leif Eikeland

tlf. 908 68 520

**Utleige Kyrkjesta:**

Inger Anne O. Tryti

tlf. 482 40 316

Kirsti Hopperstad

tlf. 911 01 653

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

# VELKOMEN TIL KYRKJE

Gjer merksam på at vi fylgjer FHI sine retningslinjer for smittevern og tal på deltakarar som gjeld til ei kvar tid.

**24. desember, Julaftan**  
Luk 2,1-20

**kl.14.00 Vangsnes kyrkje**  
Julegudsteneste  
v/ Karen Helene B. Melhus  
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp  
Avgrensa tal plassar. Påmelding. Sjå nærmere annonsering.

**kl.14.00 Feios kyrkje**  
Julegudsteneste  
v/ Rasmus B. Rustad  
Takkoffer  
Avgrensa tal plassar. Påmelding. Sjå nærmere annonsering.

**kl.16.00 Vik kyrkje**  
Julegudsteneste  
v/ Karen Helene B. Melhus  
Takkoffer: Kirkens Nødhjelp  
Maks. 50 pers. Påmelding. Sjå nærmere annonsering.

**25. desember, 1.juledag**  
Joh 1,1-14

**kl.12.00 Vik kyrkje**  
Høgtidsgudsteneste  
v/ Karen Helene B. Melhus  
Takkoffer: NMS  
Maks. 50 pers. Påmelding. Sjå nærmere annonsering.

**kl.16.00 Arnafjord kyrkje**  
Høgtidsgudsteneste  
v/ Karen Helene B. Melhus  
Takkoffer. Avgrensa tal plassar.

**26. desember, 2.juledag**  
Matt 10,16-22

**kl.12.00 Fresvik kyrkje**  
Høgtidsgudsteneste  
v/ Rasmus B. Rustad  
Takkoffer. Avgrensa tal plassar.

**31. desember, Nyårsaftan**  
Joh 14,27

**kl.16.00 Vik kyrkje**  
Nyårsmesse  
Maks. 50 pers. Påmelding. Sjå nærmere annonsering.

**3. januar, Kristi openberringsdag**  
Luk 2,40-52

Inga gudsteneste i Vik

**10. januar, 2.s.i openberring**  
Mark 1,3-11  
v

**kl.16.00 Vik kyrkje**  
Minnegudsteneste  
/ Karen Helene B.Melhus

**17. januar, 3.s.i openberring**  
Joh 4,4-26

**kl.11.00 Feios kyrkje**  
Minnegudsteneste v/ Rasmus B. Rustad

**kl.16.00 Vangsnes kyrkje**  
Minnegudsteneste  
v/ Karen Helene B. Melhus

**24. januar, 4.s.i openberring**  
Joh 9,1-7, 35b-38

**kl.11.00 Vik kyrkje**  
Gudsteneste v/ Karen Helene B. Melhus  
Utdeling av NT 11-års fase ? Takkoffer

**31 .januar, Såmannssøndag**  
Mark 4,26-34

Inga gudsteneste i Vik

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik  
TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger  
BLADSTYRER : Kirsti Jelle Hopperstad  
KASSERAR : Sylvi Nummedal  
BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-  
BANKGIRONR : 38003011558



## VELKOMEN TIL KYRKJE

<b>7. februar, Kristi forklaringsdag</b> Mark 9,2-13	<b>kl. 11.00</b>	<b>Vik kyrkje</b> Gudsteneste v/ Karen Helene B. Melhus Takkoffer
	<b>kl. 16.00</b>	<b>Arnafjord kyrkje</b> Gudsteneste v/ Karen Helene B. Melhus Utdeling av NT -11 års fase ? Takkoffer
<b>14. februar, Fastelavenssøndag</b> Joh 12,20-33	<b>kl. 11.00</b>	<b>Fresvik kyrkje</b> Gudsteneste v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer
<b>21. februar, 1.s.i faste</b> Matt 16,21-23	<b>kl. 11.00</b>	<b>Vangsnes kyrkje</b> Gudsteneste v/ Karen Helene B. Melhus Utdeling av NT -11 års fase ? Takkoffer
	<b>kl. 16.00</b>	<b>Vik kyrkje</b> Gudsteneste v/ Karen Helene B. Melhus Takkoffer
<b>28. februar, 2.s.i faste</b> Luk 7,36-50	<b>kl. 11.00</b>	<b>Feios kyrkje</b> Gudsteneste v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer
<b>7. mars, 3.s.i faste</b> Mark 9,17-29		Inga gudsteneste i Vik
<b>14. mars, 4.s.i faste</b> Joh 3,11-16	<b>kl. 11.00</b>	<b>Fresvik kyrkje</b> Gudsteneste v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer
	<b>kl. 11.00</b>	<b>Arnafjord kyrkje</b> Gudsteneste v/ Karen Helene B. Melhus Takkoffer
<b>21. mars, Maria bodskapsdag</b> Luk 1,46-55	<b>kl. 11.00</b>	<b>Vik kyrkje</b> Gudsteneste v/ Karen Helene B. Melhus Utdeling av 6 års bok ? Takkoffer

Vi tek atterhald om endringar, sjå gudstenestelisten i Sogn Avis,  
på plakat og heimesida

**Heimesida: [www.vik.kyrkja.no](http://www.vik.kyrkja.no)**

### KYRKJESKYSS:

- Vik:** Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)
- Vangsnes:** Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981F
- Feios:** Ring leiar Monica Feidje Midlang 951 72 583
- Fresvik:** Ring Marianne Bøthun 938 46 851
- Arnafjord:** Ring leiar Ola Engum 975 34 827